

MØTEBOK **REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

Møtedato: Fredag 29.9.2017

Stad: Ål, Ål tingstugu

Desse møtte frå Regionrådet:

| | |
|--------------------|------------------|
| Petter Rukke, | Hol kommune |
| Solveig Vestenfor, | Ål kommune |
| Heidi Granli, | Gol kommune |
| Tore Haraldset, | Nes kommune |
| Tor Egil Buøen, | Flå kommune |
| Kjell Erik Skølt, | Hemsedal kommune |

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar

Frå Buskerud fylkeskommune møtte:

Islein Haugo, fylkeskontakt
Anne Sandum, fylkeskontakt

Frå rådmannsutvalet møtte:

| | |
|---------------------|-------------|
| Ole Johnny Stavn, | Hol kommune |
| Tone Tveito Eidnes, | Ål kommune |
| Hege Mørk, | Gol kommune |
| Torbjørn Hansen, | Nes kommune |
| Odd Egil Stavn, | Flå kommune |

SAK 30/17 ETABLERING AV INKUBATOR I HALLINGDAL – SØKNAD OM TILSKOT TIL BEHOVSAVKLARING

Jørund Lie , Gro Søndrål Wick Daglig leder Hallingdal Næringshage AS og Pål T. Rørby Daglig leder HallingExpo orienterte kort om arbeid med etablering av Hallingdal Innovasjon. Vedlagt presentasjon.

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 120.000 til vurdering av behov/interesse for etablering av ein inkubator i Hallingdal, etter SIVA sitt inkubatorprogram.
2. Midlane blir løyvd frå regionalt næringsfond.

SAK 31/17 UTTALE, FORSLAG TIL REGIONAL PLAN FOR AREAL OG TRANSPORT I BUSKERUD

Uttale

1. Buskerud er på ingen måte ein einsarta region, det er derfor heilt avgjerande at ein regional plan for areal- og transport i Buskerud evnar å ta omsyn til dei store forskjellane det er i utfordringar og mogelegheiter. Det nyttar ikkje med dei same strategiane og retningslinjene i byområda og distrikta. Eigne avsnitt eller eige kapittel om distrikta bør inn planen.
2. Noko av det grunnleggjande grepet i planen er «*By- og tettstedsstrukturen*» som byggjer på *Samordnet areal- og transportstrategi for Osloregionen*. Regionrådet for Hallingdal har stor forståing for at deler av fylke kan vera ein del av ein fleirkjerna utvikling i Osloregionen. Det blir sagt at *Stedsutvikling er skreddersøm. Det vil si at hvert enkelt sted må utvikles på sine lokale premisser*.

Etter Regionrådet sitt syn bør endeleg plan vurdere meir tilpassa strategiar, som kan vera med å skapa vekst og utvikling i distrikta, ut frå geografi, næringsstruktur og grunnleggjande føresetnadar.

3. Areal og transportutfordringane er ikkje dei same i distrikta som i byane. Fleire av tiltaka kan vera dei same, men samstundes må det til ein grundigare gjennomgang av når det skal nyttast «skal».

Det er ikkje realistisk å gjennomføre føreslegne retningslinjer utan at dei i større grad blir tilpassa dei ulike områdene i Buskerud. Merknadar til retningslinjer i kap.4:

- a. 4.2.4 bustadar, pkt 2a og 2b: *«I nærsentra/lokalsentra definert i kommuneplanen kan boligområder lokaliseres»:*

2a) tilknyttet togstasjon, i en sone på 1 km fra stasjonen

2b) nærsentra med behov for å opprettholde bomiljø og servicefunksjoner med inntil 20 boenheter i kommuneplanperioden

Dette er for spesifikke tal, her må lokale forhold avgjera.

- b. 4.2.5 reiseliv, pkt.1a: *«For områder til fritidsbebyggelse skal kommunene prioritere natur og stedstilpasset fortetting og videreutvikling i etablerte områder før det åpnes for utbygging i nye områder.»*

Her er utbyggingsinteresser og grunneigarforhold ofte avgjerande faktorar og «skal» kan ikkje nyttast.

«Stedstilpasset fortetting» bør og takast ut, slik at setninga blir:

«For områder til fritidsbebyggelse bør kommunene vurdere videreutvikling i etablerte områder før det åpnes for utbygging i nye områder.»

- c. 4.2.6 parkering: Ein samordna parkeringsstrategi synest ikkje relevant for distrikta.

- d. 4.4.5 skog og fjellområder: *«a. biologisk mangfold og landskapets sårbarhet ved å ikke tillate ny fritidsbebyggelse og andre større inngrep over tregrensa eller i det høyestliggende skogbeltet.»* Det blir foreslått å ta ut «..eller i det høyestliggende skogbeltet», som kan bli ei definisjonssak.

4. Det blir sagt at: *«Buskerud har sentrale korridorer for både frakt av Buskeruds egen industriproduksjon og gjennomgående godstrafikk. Spesielt er Nedre Buskerud preget av større logistikkaktører og varehandel som genererer mye godstransport. Spesielt viktig for godstrafikken er god standard og helårsåpne veger.*

Reiselivsnæringen er viktig i øvre Buskerud og langs kysten på Hurumlandet.

For disse vegene er særleg fremkommelighet på store utfartsdager en utfordring. Men med betydelig mindre trafikk ellers kan ikke disse vegene fullt og helt dimensjoneres for dette. God informasjon om vegvalg og alternative ruter ved stor trafikk på disse vegene er derfor viktig.»

Det er beklageleg at det framleis er ei oppfatning at reiselivsnæringa ikkje er avhengig av god vegstandard og heilårsopne vegar på lik linje med godstrafikk. Reiselivsrelatert transport er ikkje berre frå austlandet, t.d. har Geilo over 50% av sin vintertrafikk frå vest. I tillegg er Hallingdal hovudferdselsåra for turisttrafikken mellom aust og vest.

For Hallingdal er ikkje «utfartsdager» eit omgrep all den tid desse dagane etter kvart er svært mange. Dette er og synleggjort i **Forvaltingsplan riksveg 7 og riksveg 52**, sjølv om situasjonen er vesentleg forsterka dei siste åra. Regionrådet vil og gjera merksam på dei val og satsingar som er gjort i forhold Rv7 og Rv52 som aust – vest samband i samband med NTP 2018 – 2029.

5. Bergensbanen er av svært stor betydning for Hallingdal, både for innbyggjarane og for reiselivet. Det er viktig at togtilbodet blir innretta slik at det også kan betene reiselivsmarknaden betre enn det som er tilfelle i dag.

6. I forslag til plan er under kap. 4.3.2. kollektivtransport er reiselivet og turisten i prinsippet ikkje noko tema. I ein «vanleg» tenking i forhold til utvikling av kollektivtilbod kan kanskje dette vera rett, men at denne problemstillinga blir oversett i eit fylke med Norges største reiselivregion er mildt sagt forunderleg. Hallingdal med 5 – 6 mill. gjestedøgn eller 1,6 mill. reiser (grovst stipulert), der kanskje 10 - 15% nyttar kollektivtilbod i dag, har ikkje vore verdt å vurdere. Sjølv om turisten ikkje er ei definert målgruppe i ein snever tankegang i forhold til ein kollektivtransport, vil denne målgruppa kunne vera med å gje eit meir omfattande kollektivtilbod. Argumenta for å gjera nærmare vurderingar i forhold til turisten som målgruppe bør vera innlysande. Dette vil og styrke regionen sin konkurranseprofil. Regionrådet for Hallingdal ynskjer at det blir sett i gang eit arbeid for å vurdere korleis buss/togtilbodet gjennom Hallingdal kan utviklast og samordnast på ein betre måte, med sikte på å få ein enklare, meir kundevennleg og robust struktur, også i forhold til reiselivsnæringa. I denne samanheng må det også lagast ein plan for utvikling av knutepunkt.
7. Regionrådet for Hallingdal støttar forslag til kunnskapsprosjekt i handlingsprogrammet med å utarbeide ei strategisk næringsanalyse som skal bidra til reiselivsutvikling i Buskerud.

SAK 32/17 UNGDOMSLOS HALLINGDAL, EVENTUELL VIDAREFØRING

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal ser på Ungdomslos Hallingdal som eit vellykka tiltak, som det er ynskeleg å etablere som ei fast ordning, med ei fast stilling med ungdomslos i Hallingdal. Regionrådet for Hallingdal vil rá til at kommunane i Hallingdal dekkjer 1/3-del av kostnadane innafor ei total årleg ramme på 1. mill. kroner. Regionrådet for Hallingdal vil oppmode Buskerud fylkeskommune og NAV til å dekkje 2/3 av kostnadane.

SAK 33/17 REGIONAL PLAN FOR IDRETTSANLEGG

Vedtak

1. Forslag til regional plan for ordinære idrettsanlegg med regional betydning i Hallingdal blir sendt på høyring til idrettsråda, kommunar, fylkeskommune, aktuelle organisasjonar og institusjonar. Høyringsfrist er 1.1.2018.
2. Etter høyringsfrist skal styringsgruppa handsame innkomne uttalar, før planen blir handsama i Regionrådet for Hallingdal og vidare i dei einskilde kommunane i Hallingdal.

SAK 34/17 MØTE MED POLITIET

Frå politiet deltok Petter Solberg fungerande leiar for Nordre Buskerud i Sør-Øst politidistrikt, Berit Fyksen regionlensmann for Hallingdal og Jan Koldal, fungerande politikontakt i Hallingdal. Det var lagt opp til eit dialogmøte med følgjande drøftingspunkt:

- Organisering, nærpoli, status Hallingdal
- Bemannning
- Politikontakt
- Bygningsmasse, god nok kapasitet?
- Nesbyen, rettssenter
- Sivil del
 - Pass
 - Forliksråd
- Arrest
- Partnarskap
- Kommunikasjon

I forhold til fleire av punkta er det ikkje gjort endelige avklaringar m.a. når det gjeld organisering, ressurstilgang og bemanning så er det ein prosess som skjer no, med avklaring i haust. Dette gjeld og politikkontakt. Her vart det og lufta løysing med interkommunal ressursgruppe og ressursteam i kommunane.

Politiet har vurdert at det er god nok samla kontorkapasitet med dei kontora som skal vera i Hallingdal. Det vart orientert om planane for rettsenter Hallingdal på Nesbyen, der det og vil kunne bli plass til lensmannskontor og kontor for event. felles forliksråd.

Utskriving av pass vil kunne skje på Gol. Det blir og sett på hensiktsmesseige løysingar i forhold til arrest på Gol utan at det er konkludert.

For å få til ei best mogeleg samarbeid mellom kommunane og politiet vart det drøfta ulike formar for møteplassar og partnarskap, utan at det vart konkludert. Men det var semje om at dette skal det arbeidast vidare med og Regionrådet for Hallingdal vil arbeide vidare med forslag. Når det gjeld kommunikasjon/informasjon var det einigheit om det må bli betre. Det har vore uheldige episodar der kommunane ikkje har fått beskjed om hendingar som dei absolutt skulle vore orientert om. Her vil politiet utarbeide rutinar, for å unngå unødvendig kommunikasjonssvikt.

Det var semje om at denne type dialogmøte har stor verdi og bør haldast etter 1 – 2 gonger i året.

SAK 35/17 STRATEGISK PLAN, TEMA VERTSKAP

Saka vart utsett til neste møte

SAK 36/17 HALLTINGET

Det vart drøfta agenda for Hallingtinget 30 – 31.okt, der m.a. følgjande er tema:

- Tema, **Livskvalitet i Hallingdal** (Hallingdal Ungdomsråd, Folkehelsegruppa i Hallingdal og Regionrådet for Hallingdal)
- Budsjett
- Informasjon ved May Janne Botha Pedersen, ny direktør Ringerike sykehus
- Evaluering intermediæravdeling
- Strategisk plan for Hallingdal, handlingsprogram
- Nasjonal transportplan 2018-2029, handlingsprogram

SAK 37/17 ÅRSBUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2018 – 2021

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingtinget gjer slikt vedtak:

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2018, med ei kommunal finansiering på kr. 1.915.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2018, frå kommunane i Hallingdal.
3. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2018 – 2021. Innanfor fastsatt økonomisk ramme, får Regionrådet for Hallingdal fullmakt til å vedta handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal for 2018.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.800.000 ved starten av året.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjethandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan det nyttast inntil kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.

SAK 38/17 REVISJON

Møtet vart lukka med heimel i Kommunelova paragraf 31, pkt 5, og i offentleglova paragraf 23, pkt e. Regionrådet vart orientert om saka.

SAK 39/17 EVENTUELTT**Vegpakke Hallingdal**

Det vart kort orientert om møte med Buskerud fylkeskommune om Vegpakke Hallingdal og komande handlingsprogram til NTP.

Etablering av reiselivsfagskule

Fagskolen Tinius Olsen har arbeidd saman med reiselivsnæringa i Hallingdal for å sjå på etablering av ei reiselivsfagskule. Gjennom undersøkingar og samarbeid med utvalte bedrifter, er det konkludert med at det vil vera store mogelegheiter for å få etablert ei reiselivsfagskule på t.d. Geilo. Det blir no arbeid med ein søknad «Kompetanseutvikling i regionale næringsmiljø», der det er ynskjeleg at Regionrådet for Hallingdal står som søker og er prosjekteigar.

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal vil i samband med søknad om etablering av reiselivsfagskule kunne stå som søker og prosjekteigar til realisering.

SAK 40/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL 29.9.2017**Vedtak**

Protokollen er godkjent.

Ål 29.9.2017

Petter Rukke, Hol kommune

Solveig Vestenfor, Ål kommune

Heidi Granli, Gol kommune

Kjell Erik Skølt, Hemsedal kommune

Tore Haraldset, Nes kommune

Tor Egil Buøen, Flå kommune